



Det blir ikkje Uskedalen-selskapet TV Sydvest som får ansvaret for overføring av møta i kommunestyret framover.

Kommunestyret har i dag vedteke med 22 mot 11 røyster at dei skal gå vidare med ei internettløysing men at det skal forhandlast vidare med selskapet Itum om kostnad og praktisk løysing.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra tiltaket. Vedtaket var i tråd med innstillinga hans. Mindretalet stemte for eit forslag frå Høgre om å ikkje overføre møta.

Då saka var oppe i formannskapet vart det vedteke å senda ho vidare til kommunestyret fordi dei tre tilboda ikkje let seg samanlikna.

Marit Elisebet Totland (Krf) kom i kommunestyret med framlegg om utsetjing for nærare sjekk av kostnadanetil tilbydarane, men forslaget fall med 17 mot 16 røyster.- Vi må få på bordet tal som let seg samanlikna. understreka ho.

Ole Torbjørn Holmedal (Frp) var samd i utsetjing fordi tilboda var så ulike og satsa på ulike tekniske løysingar.Økonomisk sprika dei frå 496.400 via 170.240 til 108.500 kroner..

Bjarne Berge (TS) stilte dette spørsmålet:- Har vi god mediadekning allereie og bør dette prioriterast? Øyvind Hardeland (Ap) gjekk inn for realitetshandsaming i dag. Rådmann Trond Sætereng: - Kva for eit tilbod som passar best for oss veit vi ikkje før det er ført forhandlingar. Det går an å retta eit nytt spørsmål til tilbydarane og be om fleire detaljar enn før. Totland: - Det er ikkje naudsynt med ein ny tilbodsrunde, men vi kan stilla spørsmål om kva det er gjeve tilbod på.

Øyvind Utne (H) meinte at det allereie er kjempegod dekning i media av det som skjer i kommunestyret. Han viste tildet økonomiske situasjon og tykte at overføring var å sløsa med eigedomsskattemidlar.Gunnar Våge (Sp) roste TV Sydvests overføring på prøve og hadde tvilt seg fram til å støtte innstillingen frå rådmannen.Kjell Yri (V) ville stemme imot forslaget frå rådmannen. Han peika på at ein ikkje visste kva det vil kosta fordi det er mange ukjende postarHolmedal var for å få på bordet alle kostnader og så ta endeleg avgjerd i formannskapet.

I eitt brev til kommunen hevda Ronny Lakselv i TV Sydvest at tilbodet hans var det einaste som oppfylte kommunen sine føresetnader. Han hevda at dei to andre tilbydarane ikkje inkluderte alt nødvendig utstyr og heller ikkje hadde inkludert lønnskostnader for nødvendig betjening av systemet. I kommunestyret sitt vedtak heitte det at alle kostnader skulle dekkjast av tilbodet, påpeika Lakselv.

Av Ola Matti Mathisen

